



Prototech AS /v Tjalve Svendsen
P.O. Box 6034 Postterminalen
5892 BERGEN

Dato: 18.09.2014
Vår ref.: 2014/21132-3
Saksbehandlar: talhals
Dykkar ref.:

Hydrogenstasjon - Grønt Energipunkt Danmarks plass, Bergen

Hordaland Fylkeskommune har i samarbeid med Prototech AS og Bergen kommune starta planlegging av ein hydrogenstasjon på Danmarks plass i Bergen. Stasjonen skal etter planen vere del av eit større punkt for nullutsleppsbilar, som også vil inkludere 9 hurtigladarar og 11 semihurtigladarar, og vere lokalisert strategisk og sentralt i byen. Hurtigladedepunktet vil etter planen opne desember 2014 og hydrogenstasjonen er planlagt opna eit år seinare.

Prosjektet er forankra i eit vedtak Fylkestinget i Hordaland gjorde i samband med årsbudsjettet for 2014:

[Fylkestinget 10.12.13, sak 62/13 Årsbudsjett 2014](#)

[5 millioner til ladestasjoner og miljøknutepunkt Fjøsanger](#)

Antallet elbilar i Hordaland er doblet det siste året, og V/H/FrP setter av 5 mill. kr til ytterligere satsing på ladepunkt. Midlene bør brukes i samarbeidsprosjekt med kommuner og private aktører. Klimautfordringene er et felles ansvar for enkeltmennesker, næringsliv, kommuner, fylkeskommuner og staten. Som en del av denne satsingen vil koalisjonen bidra til etablering av knutepunkt for nullutslippsbiler der hurtigladedestasjoner og hydrogenstasjon blir samlet på et sentralt punkt i Bergen. Dette forutsetter et samarbeidsprosjekt mellom private aktører og Bergen kommune.

Satsing på nullutsleppskøyrety har vore viktig i Hordaland fylkeskommune, som i samarbeid med private og offentlege aktørar har bygd ut omfattande infrastruktur for lading av elbilar i fylket. Politisk sak om løyving av midlar til hydrogenstasjonen på Danmarks plass er under utarbeiding og vil handsamast politisk i løpet av hausten 2014.

Gudrun Mathisen
leiar

Tale Halsør
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.